



I og med at jularenet på Seljestad vart avlyst på grunn av streng kulde andre juledag vart nyttårsrennet i Røldal sesongdebut for dei ivrigaste skiløparane i fylket.

Frå Uskedal Idrettslag stilte Kari Bråtun (biletet) og Ingebjørg Haugland i henholdsvis 15- og 16-årsklassen.

Begge kom frå sesongdebuten med to gode andre plassar.

Trass i litt tråe ski samanlikna med konkurrentane, hadde Kari ein forrykande sluttspurt som sikra ho andre plassen.

Rennet gjekk i klassisk stil.

Ein finn resultatlista på roldal-idrettslag.com.

Neste renn blir no karusellrenn i Fjellhaugen 16 januar før det blir krinsmeisterskap på Voss 22. og 23. januar.

Av Ole Vidar Monsen